



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3030 - 18/23148

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
23.07.2018

Endringsløyve avkjørsle - gbnr 212/113 Eikanger øvre / Vahaugen

Teknisk drift syner til e-post av 20.07.2018 vedkomande endring i plassering av avkjørsle gbnr 212/113.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunnslik at ein unngår rygging ut i/inn frå kommunal veg.
- I søndre del av tomte skal det ikkje etablerast mur, gjerde eller hekk/vegetasjon som hindrer sikt i atkomstveg til Gbnr 212/126,127 og 112. Maks høgd er 0,5 meter.
- Siktzone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no
- Dette vedtaket erstatter vedtak datert 05.09.2017 - Godkjenning av avkjørsle med vilkår Gbnr 212/113 Vahaugen Eikanger.



Vi gjer merksam på at endringsløyve berre gjeld tilnytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsla er søknadspiktig tiltak etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørslar frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20180626102738629

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ